

Venstre kort og godt:

Grøn omstilling og lokalt vern av natur:

Venstre vil snu naturtapet på Stord, og redusera forureininga av klima og miljø.



Ein oppvekst som fremmar livsglede:

Venstre vil prioritera skulen slik at lærarar og elevar får auka motivasjon og læring.

Ein næringsvennleg kommune:

Skapa ein serviceinnstilt kommune som hjelp fram dei som vil starte nye verksemder, og skapa nye arbeidsplasser.



Ein ny arbeidsgjevarstrategi på lag med tilsette: Styrka rekruttering og arbeidsmiljø, nye ressursar og tiltak til det betre for tilsette og brukarar.



Les heile programmet og bli kjent med kandidatane!

[Stord.Venstre.no](https://stord.venstre.no)



SKANN MEG

2023-2027



Geir Angeltveit
Ordførarkandidat
Driftsleiar

Camilla Berg Larsen
2. kandidat
Helsesjukepleiar

Knut Eide Løkhammer
3. kandidat
IT-leiar

Saman tar me Stord framover!

Stem Venstre du også!

Ein god oppvekst varer livet ut!

Venstre skal gjennomføre eit reelt løft i Stord-skulen, som tar lærarar og elevar på alvor.

Me vil prioritera oppvekst, det styrkar fellesskapet og individet.

Ein god oppvekst er nøkkelen til å løyse andre utfordringar innan klima, næringsomstilling og helse- og omsorgsoppgåver



Guro Betten
4. kandidat
Avdelingsleiar
VGS

Saman stansar me naturtapet

Menneskelege utslepp forandrar atmosfæra og forureinar lokalt og globalt. Gjennom målretta politikk skal Venstre løfta det grønne skiftet og ein ansvarleg forvaltning av naturen og lokalmiljøet vårt.

Me skal bygga høgare, istedenfor breiare. Fjerna plastforureining og stoppa nye utslepp. Stord skal vere ein ambassadør for klima og miljøpolitikk som monner. Fine ord skal bytast ut med krav og handling.

Naturmangfaldet på Stord er ein nøkkel til livskvalitet. Det må me sikra for framtida.

Stem Venstre og få:

- Styrka skulen gjennom å frigjera lærar og skuleleing frå ressursmangel og tidstjuvar
- Fleire opptak til barnehagane som gir fleksibilitet i familiane
- Fleire yrkesgrupper inn i skulen, m.a. miljøterapeutar samt styrka helsesjukepleiartilbod
- Meir fysisk aktivitet i skulen og redusert mobilbruk som distraherar sosialisering
- Ein leksefri skulestart i småskulen, leksebevisst skule med rom for betre tilpassing til familielivet
- Leiarutviklingsprogram for å utdanna egne rektorar



Stem Venstre og få:

- Krav til at nye bygg skal byggast meir i høgda, for å redusera naturpresset
- Forvaltning av naturen vår til framtidige generasjonar
- Solcellepanel på offentlege bygg, og ei elektrifisering av bilparken
- Slutt på plastgranulat på kunstgrasanlegga i kommunen
- Samarbeid med industrien om å realisera nye grønne klimaprojekt
- Utleige av Verktøy og andre bruks-gjenstander gjennom Folkeverkstad / BUA



Me skal ta vare på kvarandre

Venstre vil sikra våre eldre ein verdig alderdom med tenester av kvalitet, samstundes som me tar kollegaene våre på alvor. Me er kvarandres tryggleik i alle fasar av livet.

Me må betra arbeidsmiljøet for å redusera sjukefråværet og styrka rekrutteringa. Dei tilsette må vere med på løysingane når me skal lukkast med ny sjukeheim og gode velferdstenester.

Stem Venstre og få:

- Redusert arbeidspress gjennom rekruttering, grunnbemanning, endra rutiner og organisering
- Bygga ny sjukeheim som skal stå ferdig i 2026
- Oppsøkande helse- og omsorgsteam innan Rus og Psykisk Helse



Ann Kristin Vasslid Hatlevik
7. kandidat
Sjukepleiar

Alaa Alshaer
5. Kandidat
Helsefagarbeidar

- Styrke barselomsgorg med enda tettere oppfølging av familiane, spesielt av førstegangsfødene
- Kreft-koordinator, og tilrettelegging for berørtegrupper innan kreft, endometriose, demens osv

Byutvikling, mangfald og det gode liv!



Stord er ein god plass å bu, på grunn av folka som er her og naturen kring oss.

Saman skapar me møteplassar, næringsliv og kulturaktivitetar som interesserar, gir minner og livsglede. Venstre vil sørge for at kommunen er næringsvennlig og serviceinnstilt.



Stem Venstre og få:

- Flytta svømmehallen til Vikahaugane og revitalisera Kulturhuset som kulturell møteplass, med blackbox, bibliotek, kulturskule, fritidsklubb, konsertsal mm

- Hjelpa grunderane med kompetanse og nettverk i oppstarten via Atheno
- Redusera leigekostnadane på hallar og kultur- og idrettsanlegg
- Etablera 100 nye elevplassar i Kulturskulen
- Rundløypa rundt Storavatnet og meir fokus på å ivareta eksisterande friluftsanlegg
- Betra kollektivtilbod med betre korrespondanse på tvers av linjer
- Arbeida for å utvikla Skeisebanen til Ishall
- Festspillene i Bergen til å etablera satelittframsyning på Stord